

Reime på toppen

14.10.2010



Asle Reime og Ørjan Normann etter valet. (Foto: Kvinnheringen)

Kvinnherad er solid representert i toppen av LO-forbundet Industri Energi som har hatt landsmøte i Oslo denne veka.

Asle Reime, som bur i Herøysund men er fødd i Uskedalen er vald inn i arbeidsutvalet og Ørjan Normann fra Husnes er vald inn i forbundsstyret.

Han leiar Husnes Kjemiske Fagforening.

Reime vann kampvotering mot Torbjørn Teigland, melder Kvinnheringen.

Han har arbeidd på Søralsk og Eidsvik Skipsbyggeri, har vore sjømann og arbeidd 27 år i Nordsjøen. Dei siste 10 åra har han vore tillitsvald på heiltid med base i Stavanger.

Han var tidlegare i forbundsstyret og har altså rykka opp. Truleg kjem han til å arbeida med organisasjonsutvikling og gjer det klart at han brenn for tillitsmannsarbeidet, å gjera noko for fleire enn seg sjølv.

Om situasjonen peikar han på at offshoretilstte ofte blir presenterte som privilegerte med høge løner. Arbeidsgjevarane presenterer løner for forpleiningspersonale, som inneholder mykje overtid fordi det er for lite folk på riggane.